

ISSKURING.

Ei bretunge kan gjerne liggje på same stad i år etter år. Ismassene i breen følger likevel tyngdekrafta og glir nedover frå høgareliggjande område med overskot av snø til lågare område der snø og is smeltar. Når ismassene sig nedover, vil dei slite og skure kraftig på berggrunnen. Dette ser vi tydeleg på det reinskurte fjellet rundt våre brear idag.

Korleis er breen så i stand til å skure på fjellunderlag som er langt hardare enn is? Forklaringa er at breen plukkar med seg ei mengd steinstykke frå underlaget. Dette skjer gjerne på lesida av rundsva der steinar frys fast i isunderlaget. Når den tunge breen sig framover underlaget, blir steinane oppknuste, og til slutt kan botnen på breen samanliknast med eit stort sandpapir med ei blanding av grove og fine korn. Dette "sandpapiret" lagar ei mengd ulike furer og riss (skuringsstriper) på fjellunderlaget. Furene kan bli opptil fleire meter lange og sjå ut som rettlina groper. Dei er likevel oftast kortare enn 1 m, og breida varierer gjerne frå eit par cm ned til tynnare riss som ein ikkje ser utan lupe.

Skuringsstripene finst både på horisontale og loddrette fjellflater, men dei blir ikkje like godt utforma på alle slags bergarter. Det er f.eks. vanskeleg å finne tydelege striper på grovkorna og sprø bergarter. Slike bergarter forvitrar også gjerne lettare enn andre. Derfor nyttar det lite å leite etter skuring på grovkorna granitt. Meir interessante er dei små kvite flekkane med hard kvarts som stikk opp der berggrunnen elles er forvitra. Hvis overflata på kvartsen kjennest glatt og polert ut, bør flata granskas nærare. - Helst med lupe, for på slike flater er gjerne stripene svært tynne. Fargekritt er også eit godt hjelpemiddel til å gjere skuringsstriper tydelegare. Krittet fører ein i sirkulære rørslar over flata for å unngå framheving av ei viss retning.

Skuringsstripene er viktige minnesmerke om tidlegare istider. Vi finn dei der fjellet ikkje er for mykje nedtært (forvitra), f.eks. i skjærgården like ved sjøkanten. Her har sjøen verna fjellet mot forvitring. På våte flater er dessutan stripene lettare å sjå enn elles. Nye byggjeplassar og veganlegg der lausmasser nyleg er fjerna, er også bra stader å leite etter skuring.

Skuringsstripene kan vi male og finne ut i kva slags retning tidlegare isbrear har gått. Der det finst striper i fleir retningar på same flate, vil ein i mange tilfelle kunne skilje eldre og yngre retningar.

Isskurte flater vil også kunne fortelje litt om kor tjukk breen var da flatene vart utforma. Tjukk is som står under stort trykk får eigenskapar som ei plastisk masse. Slik is vil gjerne gje fjelloverflata ei viss bølgeform. Tynn is oppfører seg meir som ei stiv masse. Slik is vil berre skure høgaste partia av ei ujamn flate.

Retninga på skuringsstripene kan i mange tilfelle samanhaldast med endemorener, sidemorener og andre spor etter isen. På den måten er dei gode hjelpemiddel til å rekonstruere tidlegare isbrear.

Asbjørn Rune Aa

Særtrykk av Bergens Tidende 5.april 1975.

Hentet fra "Godbiter fra samlingene", nr. 44 - Bergen 1975, utgitt av Universitetet i Bergen.

TIDSFRISTEN FOR STOFF TIL NESTE NUMMER ER 31. MARS

SLIPEBORD OG STEINSAGER
FOR KURS OG SKOLER.

„STAR KOMBIMASKIN“
FOR AMATØRER OG „PROFFER“

ALT I SLIPEUTSTYR PÅ ET STED
SOLID OG RIMELIG
RING ELLER SKRIV. JEG STÅR MED GLEDE TIL
DISPOSISJON MED RÅD OG HJELP

b.gjerstad utstyr for smykkesteinsliping

Sørhalla 20. 1344 Haslum . Telefon: (02) 53 36 86